

LANDSLAGET FOR LOKALHISTORIE

Sekretariatet

Institutt for historie og klassiske fag, NTNU
7491 Trondheim
E-post: jostein.molde@hf.ntnu.no
Internett: www.historielag.org

Tlf. 73 59 64 33
Fax 73 59 64 41
Bankgiro 7874.06.15083
Bankgiro 4200.86.73823
Org.nr. 971 493 232

Kultur- og kirkedepartementet
Postboks 8030 Dep.
0030 Oslo

Kultur- og kirkedep.

06.05.2008

07. MAI 2008

2006/1008 - 114

Oppfølgingen av UNESCOs konvensjon om immateriell kulturarv

Dykkar ref.: 2006/01008 KU/KU2, CHA:mmt

Landslaget for lokalhistorie er glad for at Noreg har ratifisert denne konvensjonen, slik at vi får tilstrekkelig fokus på immaterielle kulturminne. Vi forstår den immaterielle kulturarven som kulturytringar som representerer folket i stor breidd. Slike kulturuttrykk blir stadig reproduksjonert og vidareutvikla, og denne kulturarven må registrerast og takast vare på der han kjem til uttrykk/blir praktisert.

Det finst mange ulike samlingar frå før, dialektar, stadnamn, tradisjonsmusikk, sed og skikk, handverkstradisjonar m.v. Vi reknar med at institusjonar som alt i dag forvaltar slike register og samlingar, sjølv kjem med orientering om det. Vi vil her konsentrere oss om å svare på dei særskilte spørsmåla som vart stilt i dykkar brev av 25.03.2008.

1. På kva måte kan UNESCO-konvensjonen best settast ut i livet?

Vi ser det som viktig at det folkelige kulturvernet blir aktivt involvert i arbeidet med oppfølging av denne konvensjonen. Historielagsrørsla representerer i denne samanhengen den nødvendige folkelige forankringa for å sikre eit tilfredsstillande utval av immaterielle kulturminne. Landslaget for lokalhistorie organiserer over 400 lokale museums- og historielag med til saman drygt 80.000 medlemmer.

Historielaga står i levande kontakt med mange sentrale kulturberarar. Saman med tilsvarande organisasjoner og institusjonar på feltet kan dei bidra til å sikre at ikkje-fysiske kulturminne blir tatt vare på og formidla vidare ved at ein får ta del i deira praksis ved å sjå, høre og kjenne på. Kanskje kan ein også få djupare innsikt ved mulighet for å ta etter/kopiere det ein erfarer.

Desse laga bør få oppfølging frå kulturstyresmaktene via Landslaget for lokalhistorie, til dømes via ei prosjektstilling, slik at det som er og blir registrert og vidareført kan tilflyte dei nasjonale registra.

2. Korleis bør arbeidet med immateriell kulturarv i Noreg samordnast?

Samordning av arbeidet bør gjerast etter ein desentralisert modell der ein spelar på lag med lokale og regionale krefter. Ein bør ha ein enkel standard for innmelding av dokumentasjon, med redaktøransvar til dømes knytt til regionmuseum eller tilsvarande institusjonar.

3. Kva for kulturytringar må vere med i ein samla oversikt over immateriell kulturarv i Noreg?


Historielaga har vidfemnande arbeidsfelt. Det varierer kva det enkelte laget engasjerer seg i, men alle er involvert i eitt eller fleire av dei felta som er nemnd under punkt a-e. Landslaget for lokalhistorie vil konkretisere kulturarv under punkta a-e som er særlig sentrale for historielagas verksemd:

- a) munnlige tradisjon og uttrykk
 - dialektar
 - nemningsbruk
 - talemåtar og ordtak
 - stadnamn
- b) utøvande kunst
 - folkemusikk
 - song
 - dans
 - teater og spel
- c) sosiale skikkar i kvardag og fest
 - lokal skikk og bruk i kvardagslig omgang
 - skikkar ved livets høgdepunkt
 - skikkar ved årets festar og høgtider
- d) kunnskap og praksis om naturen og universet
 - vêteikn
 - med
 - orientering etter himmellekam
- e) tradisjonshandverk
 - små og verneverdige fag
 - handlingsboren kunnskap

4. Kva for detaljeringsnivå bør ein slik oversikt vere på?

Ein slik oversikt bør vere grov: oversikt over samlingar/register med tema, evt. avgrensing i tid og rom, namn på eigar, oppbevaringsstad og tilgang for brukarar, med eventuelt meir detaljerte katalogar/register lenka opp.

Vennleg helsing


Jostein Molde
Generalsekretær